

RAPPORT 650245-01-SKRED-01

Skredfarevurdering Drangeid barnehage S3



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar:	Flekkefjord kommune
Tittel på rapport:	Skredfarevurdering Drangeid barnehage S3
Oppdragsnamn:	Skredfarevurdering Drangeid S3
Oppdragsnummer:	650245-01
Dokumentnummer:	650245-01-SKRED-01
Utarbeidd av:	Leif Egil Friestad
Oppdragsleiar:	Leif Egil Friestad
Tilgjenge:	Åpen

Kort samandrag

Det er gjennomført ei detaljert skredfareutgreiing for gbnr.103/92 og 103/328 samt delar av 103/798, 103-50-51, 103/558, 103/267, i Flekkefjord kommune. Delar av det vurderte området ligg innanfor NVE sitt aktsemdskart for snøskred (S3, inntil S2 utan skog). Oppdragsgjevar ønskjer difor ei detaljert vurdering av faren for skred i bratt terreng i samsvar med krav gitt i TEK17, tryggleik mot skred.

Plan- og bygningsloven og TEK17 set krav til tryggleik mot skred for nybygg eller tilbygg på eksisterande bygg og tilhøyrande uteareal. Asplan Viak har vurdert området opp mot krava i tryggleiksklasse S1, S2 og S3.

Fare for steinsprang, steinskred, jordskred, flaumskred, snøskred og sørpeskred er vurdert på bakgrunn av terrenganalysar, kartdata, aktsemdskart, og tidlegare rapportar frå nærliggande områder. Delar av kartleggingsområdet tilfredsstiller ikkje krav til tryggleiksklasse S1, S2 og S3. Steinsprang er dimensjonerande, og snøskred kan stadvis gi utløp til kartleggingsområdet med årleg nominelt sannsyn $> 1/5000$. Dersom det skal etablerast barnehage innanfor aktsemdssone $1/5000$ må det etablerast ein fangvoll eller eit fanggjerdje ovanfor. Naudsynt høgde er 3 meter og for eit fanggjerdje må det kunne ta opp ein energi på 1000kJ (sjå avsnitt 6.2). Alternativt kan det utførast sikringstiltak i skrentane.

01	28. mai. 2025	Nytt dokument	LEF	TME
Ver	Dato	Beskrivelse	Utarb. av	KS

Forord

Plan- og bygningsloven (pbl) og Byggteknisk forskrift (TEK 17) set krav til tryggleik mot naturfare. For reguleringsplan og byggesak/-tiltak, søknadspiktig eller ikkje, må det difor dokumenterast at tilstrekkeleg tryggleik mot skredfare vil bli oppnådd i samsvar med desse tryggleikskrava.

Denne utgreiinga er utført av fagkyndig personell og følger NVE sin rettleiar *Sikkerhet mot skred i bratt terreng - Kartlegging av skredfare i reguleringsplan og byggesak*, og vil dermed kunne dokumentere om tryggleikskrava er oppfylt.

Skredtypane snø-, jord-, flaum-, sørpe-, steinskred og steinsprang vurderast.

Volda, 28.05.2025

Leif Egil Friestad

Oppdragsleiar

Leif Egil Friestad

Rapportansvarleg

Tonje Mek Eidset

Kvalitetssikrar

Om oppdraget

Oppdragsgjevar	Flekkefjord kommune
Oppdragstakar	Asplan Viak AS
Skredfarevurdering for	103/92 og 103/328 samt delar av 103/798, 103-50-51, 103/558 103/267
Følgande tiltak og tryggleiksklasse er planlagt i kartleggingsområdet	Barnehage. Tryggleiksklasse S3 er gjeldande. I denne rapporten er skredfare vurdert i høve krav for alle tryggleiksklasser (S1, S2 og S3).
Synfaring gjennomført	Ja
Synfaring gjennomført av og når	Synfaring utført 14.04.2025 av Leif Egil Friestad

Innhald

1.	Innleiing	6
	1.1. Grunnlag for vurdering	7
	1.2. Atterhald og avgrensingar	7
2.	Krav til tryggleik mot skredfare	8
3.	Områdeskildring	10
	3.2. Topografi	11
	3.3. Geologi	13
	3.4. Drenering og vegetasjon	15
	3.5. Klima	17
	3.6. Tidlegare skredhendingar	19
	3.7. Aktsemdskart	19
	3.8. Tidlegare kartleggingar	20
	3.9. Observasjonar i felt	21
	3.10. Eksisterande sikringstiltak	30
4.	Vurdering av skredfare	31
	4.1. Steinsprang	31
	4.2. Steinskred	37
	4.3. Jordskred	37
	4.4. Flaumskred	38
	4.5. Snøskred	39
	4.6. Sørpeskred	45
5.	Samla skredfare	46
	5.1. Stadspesifikk uvisse	47
6.	Tiltak	48
	6.1. Reinsk og sikring av skrentar	48
	6.2. Etablering av fangvoll/fanggjerde	48

7. Konklusjon	51
8. Kjelder	52
Vedlegg	55
8.1. Vedlegg -Hellingskart	56
8.2. Vedlegg - Registreringskart	57
8.3. Vedlegg - Modelleringsresultat	58
8.4. Vedlegg - Faresonar	60
8.5. Vedlegg - Eigen- og sidemannskontrollskjema	61
8.6. Vedlegg - Eigenerklærings skjema	61

1. Innleiing

Asplan Viak har vore engasjert av Flekkefjord kommune for å gjennomføre ei skredfareutgreiing for gardsnummer/bruksnummer 103/92 og 103/328 samt delar av 103/798, 103-50-51, 103/558 og 103/267, i Flekkefjord kommune. Delar av det vurderte området ligg innanfor NVE sitt aktsemdskart for snøskred (S3, inntil S2 utan skog).

Oppdragsgivar ynskjer derfor ei detaljert vurdering av faren for skred i bratt terreng, i samsvar med krava gitt i TEK17 tryggleik mot skred i bratt terreng [1]. Skredtypane steinsprang, steinskred, jord- og flaumskred, snøskred og sørpeskred er vurdert.

Kartleggingsområdet er området der den reelle skredfaren skal avklarast, medan påverknadsområdet er området som kan generere skred inn mot kartleggingsområdet.

Plan- og bygningslova og TEK17 stiller krav til tryggleik mot skred i tryggleiksklasse S3 for bygg der det normalt oppheld seg meir enn 25 personar. Krava i tryggleiksklasse S3 seier at årleg sannsyn for skred eller sekundæreffektar av skred ikkje skal overskride 1/5000.

Fare for alle typar skred i bratt terreng er vurdert på bakgrunn av følgende arbeid:

- Terrenganalyse
- Synfaring i felt
- Klimaanalyse
- Historiske opplysningar
- Tidlegare hendingar
- Modelleringar
- Erfaring

1.1. Grunnlag for vurdering

Tabell 1 samanfatar bakgrunnsmateriale som er nytta i skredfarevurderinga, der det også går fram kven som eig materialet og kvar materialet er henta frå.

Tabell 1: Oversikt over nytta bakgrunnsmateriale, eigar og referanse.

Bakgrunnsmateriale	Eigar	Kilde
Digital terrengmodell	Statens kartverk	Høydedata.no [2]
Historiske skredhendingar	NVE og SVV	NVE Atlas [3] og Vegkart [4]
Aktsemdkart	NVE	NVE Atlas [3]
Berggrunnskart og lausmassekart	NGU	NGU [5] [6]
Flyfoto	Statens kartverk, Geovekst og kommunane	Norge i bilder [7]
Klimadata	Meteorologisk institutt, Norges vassdrag- og energidirektorat, Statens vegvesen og Statens kartverk	Senorge.no [8]
Klimaprofil	Meteorologisk institutt, NVE, NORCE, Kartverket og Bjerknessenteret	Norsk klimaservicesenter [9]
Skogressurskart	NIBIO	Kilden (SR16) [10]
Markfuktighetskart	NIBIO	Kilden [10]
Eksisterande sikringstiltak		NVE Atlas [3] og Vegkart [4]

1.2. Atterhald og avgrensingar

Vurderingane er basert på naturleg terreng som vart observert under synfaring. Ved store endringar i terrenget bør vurderinga utførast på nytt.

Vurderinga gjeld tryggleik mot skred i bratt naturleg terreng.

Rettleiaren til NVE har versjonsdato 02.01.2025 ved utføringstidspunkt for føreliggande rapport.

Dei mindre skrentane, lågare enn 10 meter er det ikkje teikna faresoner (steinsprang) for. Desse vert forutsett handtert anten med bergsikring eller grøft som sikringstiltak.

2. Krav til tryggleik mot skredfare

Plan- og bygningsloven § 28-1 set krav om tilstrekkeleg tryggleik mot fare for nybygg og tilbygg:

«Grunn kan bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold. Det samme gjelder for grunn som utsettes for fare eller vesentlig ulempe som følge av tiltak.»

Byggteknisk forskrift TEK17 § 7-3 definerer krav til tryggleik mot skred for nybygg og tilhøyrande uteareal (Tabell 2). I rettleiaren til TEK17 gjevast det retningsgjevande døme på byggverk som kjem inn under dei ulike tryggleiksklassene for skred.

Tabell 2: Inndeling i tryggleiksklassar mot skred etter TEK17.

Tryggleiksklasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsyn
S1	Liten	1/100
S2	Middels	1/1000
S3	Stor	1/5000

Tryggleiksklasse S3 omfattar til dømes byggverk der det normalt oppheld seg meir enn 25 personar, eller der det er store økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Dømer på byggverk som kan inngå i denne tryggleiksklassa er einebustadar i kjede/rekkjehus/bustadblokk/fritidsbustad med meir enn 10 bueiningar, arbeids- og publikumsbygg/brakkerigg/overnattingsstad der det normalt oppheld seg meir enn 25 personar, i tillegg til skule, barnehage, sjukeheim og lokal beredskapsinstitusjon. Innanfor kartleggingsområdet er det planlagt å etablere ein barnehage. Dette gjev tryggleikskrav tilsvarande S3.

For bygningar som inngår i tryggleiksklasse S3, kan det vurderast å redusere kravet til tryggleik for tilhøyrande uteareal til tryggleiksnivået som er angitt for tryggleiksklasse S2 (1/1000), dersom dette vil gje tilfredsstillande tryggleik for tilhøyrande uteareal. Momenta som må vurderast i denne samanhengen er eksponeringstida for personar, tal på personar som oppheld seg på utearealet mv.

Vurderingar og rapport har blitt utført etter gjeldande retningslinjer og standardar gjeve av NVE (2020) [11]. I TEK17 [1] er det spesifisert at samla sannsyn for alle skredtypar skal leggest til grunn for vurderinga av årleg sannsyn. Følgande skredtypar har blitt vurdert:


- Steinsprang
- Steinskred
- Jordskred
- Flaumskred
- Snøskred
- Sørpeskred

Den endelege vurderinga av skredfare er samla nominelt årleg sannsyn for skred, som kan samanliknast direkte med krava i Tabell 2. Skredfarevurderinga er gjennomført utan å ta omsyn til skog.

3. Områdeskildring

Kartleggingsområdet ligg ved Drangeid i Flekkefjord kommune mellom Sagåsen og fv. 4152. Flekkefjordbanen, nedlagt jernbane, ligg parallelt og rett vest for fylkesvegen. Terrenget stig slakt opp mot eksisterande bygningar før det blir ei bratt side opp mot toppen på Sagåsen, sjå Figur 3-1.

Det er markert ein liten bekk på kartet som renn gjennom kartleggingsområdet frå om lag eksisterande bygningar og rett sør. Området er dekkja med vegetasjon, mens skrenten opp mot Sagåsen er dekkja med skog, sjå Figur 3-2 og avsnitt 3.4.



Figur 3-1: Oversiktskart med kartleggingsområde og påverkingsområde. Sporlogg er også vist.



Figur 3-2: Utsnitt frå NorgeiBilder si 3D-visning, som viser aktuelt terreng. Nord er til høgre i figuren.

3.1.1. Kartgrunnlag

Kartgrunnlaget er laserdata henta frå www.hoydedata.no [2]. Datasettet er lasta ned i oppløysing 0,25 m og har følgjande prosjektnamn: E39 Livold-Ålgård 2015. Terrengdata er studert i ArcGIS Pro 3.4.0 og det er laga terrengmodell (raster) og skuggereleieffkart. Det er i tillegg nytta kart og flyfoto over området, samt aktuelle WMS-tenester for visning av topografisk kart, grunnforholdskart, aktsemdkart og liknande.

3.2. Topografi

Kartleggingsområdet ligg ved austsida av foten til Sagåsen, 74 moh. Det er fleire bratte skrentar mot kartleggingsområdet. Skrentane har ein totalhøgde på inntil ca. 30 meter. Det er fleire bratte skrentar ved grensa i vest av kartleggingsområdet.

Sjølve kartleggingsområdet er skrånande terreng mot aust, der terrenget skrånar med inntil 25 - 45 grader. I aust er området relativt flatt og skrånar ned mot Flekkefjordbanen i aust. Figur 3-3 viser terrenghelinga i området.



Figur 3-3: Terrenghellingskart ved kartleggings- og påverknadsområdet ved Drangeid.

3.3. Geologi

3.3.1. Berggrunn

NGU sitt berggrunnskart syner hovudsakleg gneis i området, både granittisk gneis og båndgneis [5]. Innanfor kartleggings- og påverknadsområdet er det angitt granittisk gneis. Grunna manglande variasjon i bergart i berggrunnskartet, er det ikkje presentert eigen figur for berggrunn i føreliggande rapport. Det visast i staden til kartgrunnlaget [5].


Figur 3-4 viser eit oversiktsfoto av bergmassen i påverknadsområdet, her ved infopunkt 3 (sjå avsnitt 3.9 og registreringskart i vedlegg). Bergmassen observerast i hovudsak i massive skrentar, med tre hovudsprekkesett, samt enkelte sporadiske sprekker. Skrentane har generelt avgrensa relieff. Stadvis er oppsprekkinga tettare, med tydeleg sprekkeopning. Det er ikkje registrert sprekkefyll/leire, men utvasking er ei aktuell problemstilling nær dagen.



Figur 3-4: Oversiktsfoto bergskrent i påverknadsområdet.

3.3.2. Lausmassar

NGU sitt lausmassekart syner generelt tynt lausmassedekke av organisk materiale over berggrunn i området, sjå Figur 3-5. Kartlegging i felt viser hyppige førekomstar av berg i form av svaberg og brattskrentar, i samsvar med eit tynt lausmassedekke. Under brattskrentar i påverknads- og kartleggingsområdet er det under feltarbeid observert høgt blokkinnhald i terrengoverflata innanfor areal angitt av organisk materiale, i hovudsak tolka som moreneavsetningar, men med innslag av nedfall frå steinsprang.



Figur 3-5: Løsmassekart ved kartleggings- og påverknadsområdet ved Drangeid.


3.4. Drenering og vegetasjon

Flyfoto, vist Figur 3-6 (så vel som i Figur 3-2 frå 3D-visninga til NorgeiBilder), syner skog i sida opp mot Sagåsen, ellers berre lågtveksande vegetasjon. Skogressurskartet SR16 til NIBIO [10] viser primært lauvskog i kartleggingsområdet nedre delar av påverknadsområde, medan furudominert skog finnast i øvre delar av påverknadsområdet. Dette samsvarar med ortofoto og egne observasjonar frå området (sjå Tabell 4). Vurderinga tek ikkje omsyn til skog, og derfor presenterast ikkje ytterlegare detaljar om denne.



Figur 3-6: Ortofoto ved kartleggings- og påverknadsområdet ved Drangeid.

Det er eit lite søkk i området som går frå eksisterande bygningar i kartleggingsområdet og rett sør. Denne har lite vassføring i felt, men framgår av topografisk kart. Sørlege delar framgår også av NIBIO sitt kartgrunnlag i markfuktigheitskart [10], sjå Figur 3-7, som angir områder der ein basert på terrenghelling kan pårekne auka fuktigheitsinnhald i marka. Søkket har dreneringsretning mot sørleg del av kartleggingsområdet.



Figur 3-7: Markfuktigheitsklasser ved kartleggings- og påvirkningsområdet ved Drangeid.


3.5. Klima

Klimaplott og vindroser er hent ut for eitt bestemt punkt ved Sagåsen ved hjelp av webappen AV-Klima [12]. Det visast til dokumentasjon av tenesta for detaljar kring verktøyet. Koordinat for punktet går fram av Tabell 3. Klimaoversikt er vist i Figur 3-8.

Tabell 3: Koordinatar for punkt klimadata er basert på.

Lokalitet	Terrenghøyde	Modellhøyde	N (UTM 33)	Ø (UTM 33)
Drangeid	Ca. 75 moh	52 moh.	6493409.71	12510.45

Klimaoversikt for Drangeid (52 moh.)



UTM33 6493414N 125140


Figur 3-8: Klimadata frå kartleggingsområdet.

3.5.1. Normalar

Området har kystklima og stor endring i temperaturar gjennom året. Middelttemperaturen for normalperioden 1991 til 2020 variera frå 0,8° C i februar, til 15,3° C i juli (Figur 3-8). I gjennomsnitt for normalperioden er det plussgrader heile året. Det er mest nedbør i oktober - januar. Normal årsnedbør (gjennomsnitt i normalperioden 1991 til 2020) for området er 2422 mm, med ein aukande trend. Gjennomsnittleg maksimal snødjup ved kartleggingsområdet er 24 cm (ca. 52 moh.), med ein minkande trend.

3.5.2. Vind

Vindanalyse for Drangeid (52 moh.)



3.5.3. Ekstremverdiar

Ekstremverdiar for 3-døgns snø er vist i Figur 3-8. For historiske verdiar er største registrert snødjupn for målestasjon Flekkefjord (1940 -td.) 87cm i januar 1966.

3.5.4. Framtidig klima

Klimaprofilen til Agder fylke (Figur 3-9) [13] viser at klimaendringane vil føre til vesentlege fleire episodar med kraftig nedbør i intensitet og hyppigheit. Det er venta auka flaumvassføring og auka jord-, flaum- og sørpeskredfare som følge av den auka nedbørsmengda. Regn vil oftare falle på snødekk underlag, noko som kan auke faren for våre snøskred i skredutsette områder og minke faren for tørre snøskred i lågareliggande områder. Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av steinsprang og steinskredhendingar, men vil truleg ha mest innverknad på mindre steinspranghendingar.




Figur 3-9: Klimaprofil for Agder. [13]

3.6. Tidlegare skredhendingar

Det er ikkje kjent med tidlegare skredhendingar i kartleggingsområdet. Dei hendingane som er registrert nær kartleggingsområdet er knytt til nedfall av stein og is frå bergskjeringar langs veg. Det visast til SVV sitt vegkart for detaljar kring disse [4].

3.7. Aktsemdskart

Kartleggingsområdet ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred, både S3 og S2 utan skogeffekt [3], sjå Figur 3-10. Kartleggingsområdet ligg utanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred samt steinsprang. For sistnemnde merkast det at eksisterande aktsemdskart har ei særskilt grov oppløysing på 25 m x 25 m som gjer at mindre skrentar kan falle utanfor. Dette vurderast å vere ei aktuell problemstilling ved Drangeid.




Figur 3-10: Aktsemdkart skred ved kartleggings- og påverknadsområdet ved Drangeid.

3.8. Tidlegare kartleggingar

Det er ikkje kjent tidlegare kartleggingar i området. Kjelder undersøkt i denne samanheng er SWVs Rapportweb [14], NVE Atlas [3] og Google-søk.



3.9. Observasjoner i felt



Det vart utført synfaring 14.04.2025 av geolog Leif Egil Friestad. Det var fint vær og god sikt på synfaringstidspunktet. Det vart nytta drone for å få oversiktsbilete, men grunna vegetasjon var desse berre til avgrensa nytte. Sporlogg er vist i Figur 3-11, saman med infopunkt, kartleggingsområde og påverknadsområde. For fullstendig registreringskart sjå vedlegg. Nummerering i kartutsnitt samsvarar med oversikt i Tabell 4.






Figur 3-11: Oversikt over utført feltarbeid ved kartleggings- og påverknadsområdet ved Drangeid.

Tabell 4: Skildring av observasjonar gjort under synfaringa ved kartleggingsområdet, med tilvising til GPS-punkt vist på kartet i Figur 3-11.



GPS-punkt	Skildring	Foto
1	<p>Mulig flyttblokker (morene). Blokker viser stor grad av avrunding.</p>	
2	<p>Lite teikn til erosjon. Vatn i bekk ved synfaring. (sjå også Figur 3-4)</p>	




		
3	Massiv, steil skrent.	




4	<p>Avrunda blokker. Truleg hovudsakleg flyttblokker i samband med is.</p>	 The image consists of two photographs stacked vertically. Both show a forest floor covered in green moss and scattered grey rocks. The trees are mostly bare, suggesting a late autumn or winter setting. The top photograph shows a path leading through the forest, with a large tree trunk on the left. The bottom photograph shows a similar scene from a different angle, with more rocks visible in the foreground.
---	---	---

5	Mindre, avløyste parti.	
6	Utvelting er hovudproblem. Stadvis overheng.	

7	Korte utløpslengder på blokker.	 The image consists of three vertically stacked photographs showing a rocky slope in a forest. The rocks are covered in green moss, and the ground is covered in fallen leaves and more moss. The trees are mostly bare, suggesting a late autumn or winter setting. The slope is steep, and the rocks are large and angular.
---	---------------------------------	--

8	<p>Avløyst bergparti. Lågt relieff. Slakare terreng på topp skrent. Rektangulære blokker.</p>	 <p>The top photograph shows a steep, moss-covered hillside with several large, rectangular rock blocks. A prominent, light-colored tree trunk is in the foreground. The bottom photograph is a closer view of the rock blocks, showing their rectangular shapes and the moss growing on them, with bare tree branches in the background.</p>
9	<p>Terreng med små mindre hyller mellom brattskrentar.</p>	 <p>The photograph shows a rocky slope with several small, mossy ledges or 'hyller' between steeper sections. The terrain is covered with moss and small plants, and there are bare tree branches in the foreground and background.</p>

10	Massiv brattskrent.	
11	Massiv skrent, utan steinsprangur under. Truleg flyttblokker	
12	Kant av mogleg utløp steinsprang.	

		
13	Etablerte murar og avrunda steinar.	
14	Stort sett avrunda steinar nedanfor skrentar. Ikkje teikn til steinsprangblokker	

<p>15</p>	<p>Stort sett avrunda steinar nedanfor skrentar. Ikkje teikn til steinsprangblokker</p>	 <p>The image consists of two photographs stacked vertically. Both show a forest floor with numerous large, rounded rocks covered in bright green moss. The ground is also covered with dry, brown leaves. Several trees with thin, light-colored trunks are visible, some with bare branches. The background shows a dense forest of taller trees under a blue sky with some clouds.</p>
-----------	---	--

3.10. Eksisterande sikringstiltak

Det er ingen eksisterande sikringstiltak registrert i området (NVE Atlas [3]). Det er heller ikkje identifisert sikringstiltak i gjennomgang av skuggerelieff eller under eiga synfaring i området.

4. Vurdering av skredfare

4.1. Steinsprang

4.1.1. Er steinsprang ein aktuell prosess i påverknadsområdet?


Steinsprang vurderast å vere ein aktuell prosess i området, sjå Tabell 5.

Tabell 5: Innleiande vurdering om steinsprang er ein aktuell skredprosess i området eller ikkje.

Vurderingsgrunnlag	Prosjektspesifikke tilhøve	Er steinsprang ein aktuell prosess i området?
Terreng	Brattskrentar i påverknadsområdet og kartleggingsområdet.	Ja
Lausmassedekke	Generelt tynt lausmassedekke. Brattskrentar og stadvis bart fjell.	Ja

4.1.2. Vurdering av losneområde og losnesannsyn

Dei aktuelle losneområda er knytt til brattskrentane opp mot Sagåsen, samt dei mindre skrentane innanfor kartleggingsområdet. Sjå Figur 4-1 for potensielle losneområder, og Tabell 6 for informasjon om desse.



Figur 4-1: Oversikt potensielle losneområder.

Nedanfor skrentane ved Sagåsen er terrenget stadvis bratt nok til at remobilisering av blokker kan førekome. Samanlikna med blokker frå skrentane har ikkje desse terrengblokkene fallkomponent i starten av utløpsrørsla. Blokker frå skrentane vurderast å ville ha lenger utløp enn remobiliserte blokker like nedanfor skrentane. Dette er dei områda der det er kontinuerleg bratt nok helling for remobilisering. Med større avstand frå skrentane vurderast remobilisering ikkje å kunne gi utløp med øydeleggande kraft, grunna avgrensa bratte terrengområder med lågt relieff, åtskilt av parti slake nok til å ville bremse aktuelle storleikar på steinblokker.

Det er ikkje avdekka spor etter ferske steinspranghendingar i kartleggingsområdet. Observasjonar frå felt viser derimot fleire stadar avløyste bergparti, og har identifisert både nedfall frå overheng (eks. ID6) og utvelting (eks. ID8) som aktuelle problemstillingar. Losnesannsynet varierer innanfor dei ulike skrentane, avhengig av oppsprekingsgrad, men vurderast som heilheit å vere i storleiksorden 1/100 til 1/1000.


Tabell 6: Info om potensielle losneområde for steinsprang.

Losne-område	Relevante infopunkt	Informasjon	Losnesannsyn
A	2-3	Massiv, steil skrent. Tilnærma flatt terreng under. Skrent ligg delvis innanfor kartleggingsområdet. Relieffet på skrenten er under 10 meter.	>1/1000
B	5	Mindre, avløyste parti.	>1/100
C	6	Utvelting er hovudproblem. Stadvise overheng.	>1/100
D	(6)		>1/1000
E	7-8	7: Korte utløpslengder på blokker. 8: Avløyst bergparti. Lågt relieff. Slakare terreng på topp skrent.	>1/100
F	9	Terreng med små mindre hyller mellom brattskrentar. Utvelting er ein aktuell prosess.	>1/1000
G	10-12	Massiv brattskrent.	>1/1000

4.1.3. Modellering av utløp

Det er gjort en enkel modellering av steinsprang ved bruk av Rockyfor3D (RF3D) og «rapid automatic simulation». Hovudføremålet har vore å vise dreingsmønster på eventuelle nedfall. Det er nytta elliptisk blokkform og blokkstorleik på 1,0m³ på bakgrunn av FOU [15]. Tettleik på blokker er sett til 2700kg/m³, og det er gjort 100 simuleringar frå kvar losnecelle.

Modelleringa viser at steinsprang kan om lag nå ned til eksisterande bygningar, Figur 4-2. Samanlikna med utrekning av siktevinkel på 31 grader (blå linje av Figur 4-2), viser resultat frå RF3D noko lenger utløp.




Figur 4-2: Rekkjeviddesannsyn steinsprang.

4.1.4. Vurdering av utløp

Modelleringa frå RF3D er i liten grad nytta til å fastsette faresoner for steinsprang i det aktuelle området. Dette skuldast at dynamisk modellering i liten grad vurderast eigna for småskrentar. Dreneringsmønsteret er derimot nytta saman med vurderingar av til å fastsette faresoner.

Basert på observasjonar i felt er det teikn på steinsprangavsetningar om lag ned til midt i skråninga. Terrenget ovanfor bygningane er bearbeidd, difor kan det vera steinsprangblokker som har vorte flytta på eller skjult. Basert på observasjonar elles i skråninga vurderast dette som lite truleg. Blokker som ligg i nedre del av skråning er hovudsakleg avrunda blokker og vert vurdert å vera flyttblokker. Sjå Figur 4-3 for omtrentlege grenser for steinsprangblokker og flyttblokker i skråning. Blokkform i skrentane er hovudsakleg rektangulære, og losnemekanismen er utvelting. Difor vil eventuelle steinsprang ha avgrensa utløpslengde.



Figur 4-3: Skjuggelieff drapert på terrenngmodell. Raud rektangel indikerer terreng som er påverka av menneske, medan gul linje indikerer fot av flyttblokker. Modelleringsresultat frå steinsprang er også vist.

Skogen som er i skråninga vert ikkje medteken i vurderinga.

Flogstein vurderast ikkje å vere aktuelt i området. Brattskrentane er i all hovudsak steile, utan slake utgåande plan som brått vil kunne endre retninga på nedfall ut av skrent. Under skrentane er det lausmassar i form av moreneblokker av mindre storleik.

4.1.5. Vurdering av steinsprangfare inn i kartleggingsområdet

Steinsprang er vurdert til å nå delar av kartleggingsområdet med øydeleggande kraft med årleg nominelt sannsyn større enn 1/100. Dette gjeld brattskrentar innanfor kartleggingsområdet der det er observert avløyste blokker i terreng.

Faresoner for 1/100, 1/1000 og 1/5000 er oppteikna. Dei mindre skrentane, lågare enn 10 meter er det ikkje teikna faresoner for. Desse vert forutsett handtert anten med bergsikring eller grøft som sikringstiltak.

Basert på fråvær av observasjonar steinsprangblokker i nedre del av skråning vurderast det at faresone 1/5000 går om lag midt i skråning.

4.2. Steinskred

4.2.1. Er steinskred ein aktuell prosess i påverknadsområdet?

Kriteria knytt til terrenghelling og bart fjell i NVE sitt flytdiagram er oppfylt i fjellsida over kartleggingsområdet (Tabell 7), men studie av hellingskart, storleik på skrentar og skyggerelieffkart viser ingen strukturar som mogleggjer utfall av større volum. Det er heller ikkje observert anomalier som indikerer potensielle steinskredobjekt i NGU si InSAR Norge visning. Steinskred vurderast på bakgrunn av dette ikkje å vere ein aktuell prosess i området.

Tabell 7: Innleiande vurdering om steinskred er ein aktuell skredprosess i området eller ikkje.

Vurderingsgrunnlag	Prosjektspesifikke forhold	Er steinskred ein aktuell prosess i området?
Terreng	Skrentar brattare enn 45 grader	Ja
Lausmassedekke	Bart fjell	Ja
Volum	Små skrentar i området	Nei

4.3. Jordskred

4.3.1. Er jordskred ein aktuell prosess i påverknadsområdet?

Kriteria knytt til terrenghelling i NVE sitt flytdiagram er oppfylt i fjellsida over kartleggingsområdet, men det er avgrensa med tilgjengelege lausmassar i områder med tilstrekkeleg helling. Feltobservasjonar viser samsvar med NGU sitt lausmasekart (tynt dekke av organisk materiale over berggrunn) tilknytt bergskrentar i påverknadsområdet. I slakare parti er registrert grovare masser. Desse ligg i samsvar med områder der det i skuggerelieff ser ut til å vere eit meir samanhengande dekke av lausmasser enn i terrenget elles. Direkte under brattskrentar tolkast massane å kunne vere steinsprang, medan på bakgrunn av stor grad av avrunding tolkast massane likevel primært å vere morenemassar, i samsvar med NGU sitt lausmasekart i kartleggingsområdet.

I områder med morene, er massane generelt for grove til at utløyning av jordskred vurderast aktuelt. Det er venta gode dreneringsegenskapar. Det er ingen registrerte jordskredhendingar i området generelt, og det er ikkje spor etter tidlegare hendingar eller erosjon innanfor påverknads- eller kartleggingsområdet. Jordskred vurderast ikkje å vere ein aktuell prosess. Det er ingen aktsemdsonar for jord- og flaumskred i området.

Tabell 8: Innleiande vurdering om steinskred er ein aktuell skredprosess i området eller ikkje.

Vurderingsgrunnlag	Prosjektspesifikke tilhøve	Er jordskred ein aktuell prosess i området?
Terreng	Skråningar brattare enn 20 grader, både i kartleggings- og påverknadsområdet.	Ja
Lausmassedekke	Tynt lausmassedekke med grove massar nedanfor bergskrentar der terrenget er brattare enn 20 grader	Nei

Det vurderast at årleg nominelt sannsyn for jordskred inn i kartleggingsområdet med øydeleggande kraft er lågare enn 1/5000.

4.4. Flaumskred

4.4.1. Er flaumskred ein aktuell prosess i påverknadsområdet?

Flaumskred vert vurdert å ikkje vere ein aktuell skredprosess, sjå Tabell 9. Det er eit lite søkk i området som går frå eksisterande bygningar og rett sør. Denne har lite vassføring, og har gjennomgåande slakare helling enn 15 grader. Det er ingen registrerte flaumskredhendingar i området generelt, og det er ikkje spor etter tidlegare hendingar eller erosjon innanfor påverknads- eller kartleggingsområdet. Det er heller ingen aktsemdsonar for jord- og flaumskred i området.

Tabell 9: Innleiande vurdering om flaumskred er ein aktuell skredprosess i området eller ikkje.

